

KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 912/2004

2007/EØS/31/43

av 29. april 2004

om gjennomføring av rådsforordning (EØF) nr. 3924/91 om opprettelse av en fellesskapsundersøkelse om industriproduksjonen(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 3924/91 av 19. desember 1991 om opprettelse av en fellesskapsundersøkelse om industriproduksjonen⁽¹⁾, særleg artikkel 9, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I rådsforordning (EØF) nr. 3924/91 er det fastsett at tiltaka for å tilpasse innsamlinga av data og handsaminga av resultat til den tekniske utviklinga skal fastsetjast av Kommisjonen etter samråd med Utvalet for statistikkprogrammet.
- 2) Den tekniske utviklinga og det regelverket som følgjer av denne, særleg rettsakter som gjeld det europeiske systemet for føretaksstatistikk, krev at dekkingsområdet og kjenneteikna vert tilpassa.
- 3) Desse tilpassingane bør betre dekkingsområdet til dei statistikkane som medlemsstatane leverer, utan at det påfører marknadsdeltakarane fleire byrder.
- 4) Dei statistiske opplysningane som er utarbeidde innanfor fellesskapssystemet, må vere av tilfredstillande kvalitet og kunne jamførast medlemsstatane imellom.
- 5) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for det statistiske programmet, som vart oppnemnt ved avgjerd 89/382/EØF, Euratom⁽²⁾ —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Det området som er omfatta av den granskninga som er nemnd i artikkel 1 i rådsforordning (EØF) nr. 3924/91, skal fastsetjast med tilvising til granskingspopulasjonen og observasjonseininga.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 163 av 30.4.2004, s. 71, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 159/2004 av 29. oktober 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg XXI (Statistikk), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 20 av 21.4.2005, s. 26.

⁽¹⁾ TEF L 374 av 31.12.1991, s. 1.

⁽²⁾ TEF L 181 av 28.6.1989, s. 47.

Granskingspopulasjonen i referanseperioden skal vere føretak der hovudverksemda eller ei av sekundærverksemdene er førde opp i avdeling C, D eller E i klassifiseringa av økonomisk verksemd i Det europeiske fellesskapet (NACE Rev. 1.1), som er fastsett i forordning (EF) nr. 29/2002 av 19. desember 2001⁽³⁾, som endrar rådsforordning (EØF) nr. 3037/90⁽⁴⁾.

Observasjonseininga skal vere føretaket slik det er definert i rådsforordning (EØF) nr. 696/93 av 15. mars 1993 om de statistiske enheter til observasjon og analyse av produksjonssystemet i Fellesskapet⁽⁵⁾. Medlemsstatane kan nytte ei anna statistisk eining som observasjonseining når dei samlar inn opplysningar, så fram dei sender inn føretaksopplysningar til Eurostat.

Artikkel 2

Einingane i granskingspopulasjonen har i medhald av artikkel 5 nr. 2 i rådsforordning (EØF) nr. 3924/91 plikt til å levere korrekte og fullstendige opplysningar når medlemsstatane oppmodar om det, og denne plikta er avgrensa til dei observasjonseiningane i granskingspopulasjonen som framstiller produkt som er førde opp i PRODCOM-lista.

Artikkel 3

Den plikta medlemsstatane har til å vedta granskingsmetodar som gjer det mogleg å lette innsamlinga av opplysningar frå einingar som representerer minst 90 % av den nasjonale produksjonen per NACE-næringsgruppe, slik det er nemnt i artikkel 3 nr. 2 i rådsforordning (EØF) nr. 3924/91, vert rekna for å vere stetta dersom medlemsstatane vedtek granskingsmetodar som gjer det mogleg å samle inn opplysningar som representerer minst 90 % av den nasjonale produksjonen per næringsgruppe i næringshovudområde C, D og E i NACE Rev. 1.1.

Artikkel 4

Det fritaket som medlemsstatane har for å samle inn opplysningar, som er nemnt i artikkel 4 i rådsforordning (EØF) nr. 3924/91, skal presiserast med tilvising til den nasjonale produksjonen av eit produkt.

⁽³⁾ TEF L 6 av 10.1.2002, s. 3.

⁽⁴⁾ TEF L 293 av 24.10.1990, s. 1.

⁽⁵⁾ TEF L 76 av 30.3.1993, s. 5.

Medlemsstatane treng ikkje å samle inn opplysningar om eit produkt dersom den samla nasjonale produksjonen av dette produktet året før utgjorde mindre enn 1 % av den samla produksjonen av produktet i Fellesskapet. Opplysningar om produkt som på grunn av dette fritaket ikkje er samla inn, skal gjevast med verdien null. Medlemsstatane skal leggje fram den dokumentasjonen som er naudsynt.

Artikkel 5

Det fritaket som medlemsstatane har for å utføre PRODCOM-granskinga, som er nemnt i artikkel 5 nr. 3 i rådsforordning (EØF) nr. 3924/91, skal utvidast til å omfatte tilfelle der medlemsstatane kan hente inn naudsynte opplysningar ved å nytte ein kombinasjon av ulike kjelder og metodar.

Artikkel 6

I tillegg til plikta til å leggje fram opplysningar på oppmoding frå Eurostat slik det er fastsett i artikkel 5 nr. 4 i rådsforordning (EØF) nr. 3924/91, skal medlemsstatane òg leggje fram for Eurostat dei opplysningane som er naudsynte om granskingsmetodane, stikkprøvene og dekkingsområdet for granskningane deira, for såleis å dokumentere samsvaret med prinsippa i PRODCOM-metodikken slik det er fastsett i handboka om PRODCOM-metodikken.

Artikkel 7

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunn-gjort i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 29. april 2004.

For Kommisjonen

Joaquin ALMUNIA

Medlem av Kommisjonen
